



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 08.04.2010
Tid: 20:00 – 23:30

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørn Nome	Ordførar	SP
Guro Libjå	Medlem	SP
Gunnar Kvasjord	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Mona Fillingsnes	Medlem	SP
Saamund Gjersund	Medlem	BL
Gunhild Austjord	Medlem	BL
Elisabeth Jopperud	Medlem	BL
Sven Erik Skomdal	Medlem	BL
Ingun Momrak-Haugan	Medlem	BL
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Lars Arvid Bjørgulfson	Medlem	AP
Berit Gulbrandsen	Medlem	AP
Aud K Syvertsen Lukassen	Medlem	AP
Siw Gundersen	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tor Skræi	Medlem	SP
Tor Bendik Midtgarden	Medlem	BL
Tor Bolstad Jensen	Medlem	BL
Annveig Veum Aas	Varaordførar	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
May Britt Bjaaland Festervoll	Tor Skræi	SP
Børge Sandum	Annveig Veum Aas	SP
Jørgen Momrak	Tor Bendik Midtgarden	BL
Tore Lotsberg	Tor Bolstad Jensen	BL
Nils Vidar Pettersen	Nils Kristian Moe	AP
Olav Åge Dale	Berit Gulbrandsen i sak 16	AP
Lars Egil Libjå	Sven Erik Skomdal i sak 16	BL
Marini Terheijden	Ingun Momrak-Haugan i sak 16	BL
Karl Rune Hansen	Jørgen Momrak i sak 16	BL


Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Torny Strand Moripen	sektorsjef for kultur og oppvekst
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
12/10 – 16/10


Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:


Bjørn Nome
ordførar


Kjersti Bergland
Føllestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:


Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

	Interpellasjon
FO	Vedk auk i timetalet ved skulen Saker til handsaming
PS 12/10	Referatsaker
PS 13/10	Tilstandsrapport for Gimle skule 2009
PS 14/10	Bruk av ekskursjonsbudsjettet - gratis 10.klassetur
PS 15/10	Oppretting og nedlegging av heimlar 2010
PS 16/10	Endring av drifta av Turistinformatjonen frå sommaren 2010

Fyresdal 25. mars 2010

Bjørn Nome
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Interpellasjon

FO Vedk auk i timetalet ved skulen

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Ordføraren orientera om reglementet og lovverket om korleis ein skal forhalde seg til vedtak som er fatta i underordna organ.

Siw Berve ba om at saka vert teke opp til handsaming i kommunestyret.

Ordføraren orientera om eit skriv frå FAU der dei uttrykker at dei sit med ein følelse av at dei ikkje blir teke på alvor i saker der dei blir bedt om å uttale seg.

Sektorsjef Torny Strand Moripen orientera om administrasjonen sitt syn i denne saka.

Røysting over om at saka skal handsamast i fyrstkomande kommunestyret:
12 røyster for å handsama saka i fyrstkomande kommunestyret

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Sak om organisering av skuleveka for småskulen skal handsamast i fyrstkomande kommunestyremøte den 29.april.

Saker til handsaming

PS 12/10 Referatsaker

RS 4/10 Referat frå Vest-Telemark Rådet

RS 5/10 Orienteringar

I møtet:

Høyringsrunde på Fylkesvegplan for Telemark 2011-2019 i Telemark.

Høyringsfrist 23. april.

Formannskapet får fullmakt til å sende ei høyringsuttale.

Opent møte om førebygging av rus den 20.april på samfunnshuset

Notat frå rådmannen angåande nytt reguleringsplanarbeid for Kynjushamaren.

Kommunestyret ynskjer ikkje å forsette dette arbeidet men går tilbake til opprinneleg plan.

Saker til handsaming

PS 13/10 Tilstandsrapport for Gimle skule 2009

Innstilling frå rådmannen:

Tilstandsrapporten for grunnskolen i Fyresdal, Gimle skule 2009 vert teke til orientering.

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Tilstandsrapporten for grunnskolen i Fyresdal, Gimle skule 2009 vert teke til orientering.

PS 14/10 Bruk av ekskursjonsbudsjettet - gratis 10.klassetur

Innstilling frå rådmannen:

Det blir ikkje arrangera 10.klassetur i skulen/kommunens regi. Vedtaket gjeld frå skuleåret 2011/2012 (budsjettår 2011)

Handsaming i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 03.02.2010

Vedtak i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 03.02.2010

Handsaming i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 03.03.2010

Framlegg frå Sp v/Per Helge Seltveit:

Fyresdal kommune støttar Polen-tur for 10.klasse med å opprette ein konto der kommunen bidreg med kr 25 000. Dette som ei prøveordning for 2011.

Framlegget fekk 1 røyst.

Innstillinga frå rådmannen fekk 4 røyster.

Vedtak i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 03.03.2010

Det blir ikkje arrangera 10.klassetur i skulen/kommunens regi. Vedtaket gjeld frå skuleåret 2011/2012 (budsjettår 2011)

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Framlegg frå Senterpartiet v/Per Helge Seltveit:

Det blir arrangera avgangstur til Polen for 10. klasse i skulen/kommunen sin regi, under forutsetning av:

Turen må ha eit fagleg innhald som skulen kan forsvare i høve læreplanen og som kan nyttast til før- og etterarbeid på skulen og som skal bidra til auka forståing for fredsarbeid, likeverd og menneskerettar. Fyresdal kommune dekker inntil kr 60.000,- mellom anna for å dekke løn for ein lærar i forbindelse med avgangsturen for 10. klasse. Den resterande delen blir "egenandel" som kan inntjenast med dugnadsarbeid, gåver, kronerulling, kakelotteri m.v., i samsvar med rundskriv F-14/03 frå Kunnskapsdepartementet om gratis grunnskuleopplæring. Vedtaket gjeld frå og med skuleåret 2011/2012.

12 røyster for framlegget frå Senterpartiet

8 røyster for vedtaket i hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Det blir arrangera avgangstur til Polen for 10. klasse i skulen/kommunen sin regi, under forutsetning av:

Turen må ha eit fagleg innhald som skulen kan forsvare i høve læreplanen og som kan nyttast til før- og etterarbeid på skulen og som skal bidra til auka forståing for fredsarbeid, likeverd og menneskerettar. Fyresdal kommune dekker inntil kr 60.000,- mellom anna for å dekke løn for ein lærar i forbindelse med avgangsturen for 10. klasse. Den resterande delen blir "egenandel" som kan inntjenast med dugnadsarbeid, gåver, kronerulling, kakelotteri m.v., i samsvar med rundskriv F-14/03 frå Kunnskapsdepartementet om gratis grunnskuleopplæring. Vedtaket gjeld frå og med skuleåret 2011/2012.

PS 15/10 Oppretting og nedlegging av heimlar 2010

Innstilling frå rådmannen:

Fyljande heimlar eller delar av heimlar vert oppretta / nedlagt.

Heimelsnr.	Sektor	Stillingstittel	Endring	Merknad
2702	HO	Turnuskandidat fysioterapi	- 100%	"fryst" i 2010
3207	PT	Fagarbeidar teknisk	+ 50%	Nyoppretta
1202	BU	Fagleiar bygdeutvikling		70% overført frå BU til KO, til heimel 2010 U/F leiar
2010	KO	U/F leiar	- 30%	Heimel totalt på 90% (70% frå heimel 1202)
2358	KO	Assistent SFO	+ 100%	Nyoppretta, dela på fleire
		Total auke	+ 20%	

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 16.02.2010

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 16.02.2010

Fyljande heimlar eller delar av heimlar vert oppretta / nedlagt.

Heimelsnr.	Sektor	Stillingstittel	Endring	Merknad
2702	HO	Turnuskandidat fysioterapi	- 100%	"fryst" i 2010
3207	PT	Fagarbeidar teknisk	+ 50%	Nyoppretta
1202	BU	Fagleiar bygdeutvikling		70% overført frå BU til KO, til

				heimel 2010 U/F leiar
2010	KO	U/F leiar	- 30%	Heimel totalt på 90% (70% frå heimel 1202)
2358	KO	Assistent SFO	+ 100%	Nyoppretta, dela på fleire
		Total auke	+ 20%	

Handsaming i formannskapet – 12.03.10

Samrøystes i samsvar med vedtaket i Administrasjonsutvalet.

Vedtak i formannskapet – 12.03.10

Fyljande heimlar eller delar av heimlar vert oppretta / nedlagt.

Heimelsnr.	Sektor	Stillingstittel	Endring	Merknad
2702	HO	Turnuskandidat fysioterapi	- 100%	"fryst" i 2010
3207	PT	Fagarbeidar teknisk	+ 50%	Nyoppretta
1202	BU	Fagleiar bygdeutvikling		70% overført frå BU til KO, til heimel 2010 U/F leiar
2010	KO	U/F leiar	- 30%	Heimel totalt på 90% (70% frå heimel 1202)
2358	KO	Assistent SFO	+ 100%	Nyoppretta, dela på fleire
		Total auke	+ 20%	

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Fyljande heimlar eller delar av heimlar vert oppretta / nedlagt.

Heimelsnr.	Sektor	Stillingstittel	Endring	Merknad
2702	HO	Turnuskandidat fysioterapi	- 100%	"fryst" i 2010
3207	PT	Fagarbeidar teknisk	+ 50%	Nyoppretta
1202	BU	Fagleiar bygdeutvikling		70% overført frå BU til KO, til heimel 2010 U/F leiar
2010	KO	U/F leiar	- 30%	Heimel totalt på 90% (70% frå heimel 1202)
2358	KO	Assistent SFO	+ 100%	Nyoppretta, dela på fleire
		Total auke	+ 20%	

PS 16/10 Endring av drifta av Turistinformasjonen frå sommaren 2010

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune kan med dagens økonomiske rammer ikkje etablere Turistinformasjon med heilårleg drift. Kommunen kan heller ikkje gjennomføre sommar-drift som tidlegare innanfor krava til Autorisasjonsnivå 2. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med ein sentrumsbutikk/-kafe for etablering av ei enklare turistinformasjonsteneste innanfor ramma av driftsbudsjettet på Avdeling for Bygdeutvikling. Hovudansvaret for all informasjon vil framleis ligge til kommunen.

Handsaming i formannskapet – 12.03.10

Det vart reist spørsmål om Berit Gulbrandsen sin habilitet.
Ho vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaminga.

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune kan med dagens økonomiske rammer ikkje etablere Turistinformasjon med heilårleg drift. Kommunen gjennomfører sommar-drift som tidlegare innanfor krava til Autorisasjonsnivå 2.

Framlegg frå Gunhild Slyngstad:

Fyresdal kommune ynskjer at drift av turistinformasjonen vert sett vekk til lokale, private aktørar. Finansiering frå næringsfondet, konto 1410.470.

Rådmannen får fullmakt til å gå inn i forhandlingar med dei aktuelle aktørane, og inngå avtale med den som kan tilby best teneste innan ei ramme på kr 200.000,-.
Ved val av aktør skal det leggast vekt på pris, kompetanse, eigna lokale, opningstider/tilgjenge og lokal kunnskap.

Tenesten skal vere heilårsdrift-turistinformasjon, autorisasjonsnivå 2.

Rådmannen si innstilling vart sett opp mot framlegga og fall samrøystes.

2 røyster for framlegget frå ordføraren. (vedteke med ordføraren si dobbeltstemme.
2 røyst for framlegget frå Gunhild Slyngstad

Vedtak i formannskapet – 12.03.10

Fyresdal kommune kan med dagens økonomiske rammer ikkje etablere Turistinformasjon med heilårleg drift. Kommunen gjennomfører sommar-drift som tidlegare innanfor krava til Autorisasjonsnivå 2.

Handsaming i Kommunestyret - 08.04.2010

Berit Gulbrandsen vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaminga.
Olav Åge Dale gjekk inn som vara.

Sven Erik Skomdal vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaming.
Lars Egil Libjå gjekk inn som vara.

Ingun Momrak-Haugan vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaming.
Marini Terheijden gjekk inn som vara.

Jørgen Momrak vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaming. Karl Rune Hansen gjekk inn som vara, etter at kommunestyret hadde vurdere hans habilitet og samrøystes funne han habil i saka.

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune inngår ei treårig avtale med Sporten Fyresdal om å drive turistinformasjon i sommarsesongen 2010-2012 for kr 60.000,- kvart år finansiert av budsjettet for bygdeutvikling. Avtala kan reforhandlast innan mars påfylgjande år.

Sporten Fyresdal skal:

- Ha ei vertskapsrolle for turistar i Fyresdal i sommarsesongen
- Svare på e-post og telefonar til turistinformasjonen
- Ha brosjyrer til disposisjon, ha ei publikums PC og sal av kart, bøkar og liknande
- Stille med kontorplass, samt halde straum, forsikring og anna knytt til denne
- Oppretthalde det tilbodet som er naudsynt for å behalde autorisasjonsnivå 2
- Opningstida for turistinfoen skal fylgje butikken sine opningstider

Fyresdal kommune skal:

- Stille med autorisasjon for 2010
- Syte for telefon for turistinformasjonen, som i dag er på Øystad
- Syte for kaup av bøkar, kart og liknande. Sporten Fyresdal får provisjon ved sal
- Koste porto ved utsending av brosjyrer
- Stille med kontorrekvisita
- Stille med PC og brosjyremateriell

Rådmannen får fullmakt til å fullføre avtala

Fyresdal kommune er positive til eit forprosjekt for turisme og reiseliv leia av Sigrun Vik Skomdal og Sporten Fyresdal i samarbeid med lokalt næringsliv og turistverksemd. Og inviterer til å komme med ein søknad til næringsfondet.

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/Lars Bjørgulfson:

Turistinformasjonen held fram med å vere på Øystad og gjennomfører sommar-drift som tidlegare. Kostnader utover det som ligger inne i driftsbudsjettet for 2010, blir dekkja innanfor formannskapet/næringsfondets ansvarsområde.

Framlegg frå Bygdelista v/ Gunhild Austjord:

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med private aktørar for sommar-drift av turistinformasjonen innanfor ramma i budsjettet for det enkelte år.

Prosjektet vedkomande mogleg heilårsdrift av turistinformasjonen, turisme og reiseliv, vert jobba vidare med. Evt. kommunal delfinansiering av prosjektet vert lagt fram for handsaming i næringsfondstyret.

Det vart fyrst røysta over om ein skulle halde fram med kommunale drift eller privatisering:

12 røyster for privatisering av sommar-drift av turistinformasjonen
8 røyster for fortsatt kommunal drift av turistinformasjonen

Framlegget frå bygdelista vart så sett opp mot framlegget frå ordføraren.

15 røyster for framlegget frå Bygdelista
5 røyster for framlegget frå ordføraren

Vedtak i Kommunestyret - 08.04.2010

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med private aktørar for sommar-drift av turistinformasjonen innanfor ramma i budsjettet for det enkelte år.

Prosjektet vedkomande mogleg heilårsdrift av turistinformasjonen, turisme og reiseliv, vert jobba vidare med. Evt. kommunal delfinansiering av prosjektet vert lagt fram for handsaming i næringsfondstyret.